



Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Hagellia 6
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1264 - 19/13115

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
26.04.2019

Mellombels bruksløyve for veganlegg - gbnr 202/3 Hjelmås

Administrativt vedtak. Saknr: 245/19

Tiltakshavar: Hjelmåsen AS
Ansvarleg søkjar: Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka frå 2014.

Mellombels bruksløyve for vegstrekning frå Fylkesveg t.o.m. vegpunkt P400 vart gitt 26.07.2017.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Mindre justering av finmasser/toppdekke på delar av vegstrekninga.

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: resterande del av veg med tilhøyrande teknisk infrastruktur, f.o.m. vegpunkt P400 t.o.m. vegpunkt P580 i Helleåsen Bustadområde.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til seinast: 22.07.2019.

Det vert elles vist til søknad motteken 20.03.2019.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Helleåsen bustadområde
Bygningstiltak:	Veganlegg med teknisk infrastruktur



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for vegframføring på gbnr 202/3 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: del av veg med teknisk infrastruktur f.o.m. vegpunkt P400 t.o.m. vegpunkt P580.
2. Ferdigattest skal liggje føre innan 22.07.2019.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/1264

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arkitektkontoret Børtveit & Carlsen AS	Hagellia 6	5914	ISDALSTØ
Hjelmåsen AS	v/ Geir Styve Hjelmås	5915	HJELMÅS